

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kjell Langeland	Gbnr - 76/103, HistSak - 13/12	16/9

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Søknad om forlenging av frist for igangsetting av bygging gnr 76 bnr 103

Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga, men set krav om oppstart av byggjeprojektet innan utgangen av 2016.

Saksopplysningar:

16.12.2013 vart gnr. 76 bnr. 103 overført frå Modalen kommune til nye eigarar.

Modalen kommune har i sine føresetnader for sal av kommunale tomter ein frist på 2 år frå overtaking av eigendom til start bygging.

I brev datert 07.01. 2016 har Modalen kommune sendt brev til eigar av gnr. 76 bnr. 103 der ein opplyser om at fristen på to år for igangsetting er utgått, og ein ber derfor om at tomta vert overført til Modalen kommune slik det står i føresetnadane for tildeling.

I svarbrev datert 27.01.2016 vert det søkt om forlenging av denne fristen til ut 2016. Bakgrunnen for at bygging ikkje vart igangsett var ein usikker arbeidssituasjon og at dei har buplikt på ein gard der det er 1,5 år igjen av buplikta. Arbeidssituasjonen er no avklart.

Modalen kommune har ei tomt att i bustadfeltet på Mo som ikkje er seld.

Vurdering

Tomtene som er seld i seinare år er vorte bebygt som planlagt. Ei tomt er tilbakeført då det ikkje var aktuelt å byggje for vedkomande.

I 2015 vart det gjeve løyve til utsetjing av byggestart i eit år for ei tomt på Helland. Dette løyve vart gjeve administrativt då det er fleire ledige tomter på Helland.

På Mo er det no berre ei kommunal tomt som ikkje er seld. Denne tomta vert vurdert nytta til bygging av kommunal bustad for flyktningar. Administrasjonen legg derfor denne søknaden om

fristforlenging fram for formannskapet til ei vurdering om godkjenning eller avslag.

Formannskapet - 019/2016

FOR - behandling:

Rådmannen gjorde greie for ulike sider av saka og opplyste at det ikkje er vedteke eige reglement for sal av kommunale bustadtomter, men at det har i lengre tid vore etablert ein praksis for å setje eit vilkår om frist i kjøpskontraktane.

Under drøftinga kom det fram ønskje om å klargjere praksis for handheving av fatsett frist. Etter drøftinga samla formannskapet seg om eit framlegg til endra vedtak og tillegg for oppfølging.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Formannskapet vedtek at søknaden vert innvilga, men set krav om at byggjearbeidet vert starta opp innan utgangen av 2016.

Formannskapet ber rådmannen lage ei sak til politisk handsaming med føremål å klargjere den administrative oppfølginga av vilkår og fristar ved sal av kommunale bustadtomter.

Vedlegg:

Tilbakeføring av bustadtomt 76103 til Modalen kommune. Søknad om omgjørelse av vedtak